

## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 27.04.2021

**Alexander Fosse Andersen, SP**, sette på vegner av SP, A, KrF, SV og MDG fram slikt forslag:

«Alternativ forslag til punkt 1

Nytt punkt 1 (erstatter fylkesrådmannen sitt punkt 1)

Utval for opplæring og kompetanse vedtek fylkesrådmannens innstilling punkt 1 med følgende endringer:

Odda vgs

Opprettar ein ekstra klasse VG1 Teknologi- og industrifag

Opprettar ein heil klasse VG1 Studiespesialisering

Stryn vgs

Opprettar ein ekstra klasse VG1 Bygg- og anleggsteknikk

Årdal vgs

Opprettar ein kombinasjonsklasse VG2 Industriteknologi og VG2 Kjemiprosess.

Erstatter ein klasse VG2 Kjemiprosess.

Sogndal vgs

Opprettar ein ekstra klasse VG1 Studiespesialiserande. Erstatter ein klasse VG1

Idrettsfag

Voss vgs

Reduserer med ein klasse VG1 Teknologi- og industrifag i tråd med inspel frå skulen

Arna vgs

- Opprettar ein halv klasse VG2 Barne- og ungdomsarbeidarfag.»

**Rosalind Fosse, Frp**, sette på vegner av FrP og H fram slikt forslag:

«PS 19/21 Justering av opplæringstilbudet skoleåret 2021/22

Opplæringstilbudet for skoleåret 2021/22, vedtekt i sak PS 60/20, vert justert med følgende endringer fra rådmannens innstilling.

1.Stord vgs. Vg 1 Media og kommunikasjon opprettholdes med 1 kl.

2.Fitjar vgs. Vg 2 Helsefagarbeider økes med 1kl.

3.Stryn vgs. Vg 1 Bygg og anleggsteknikk økes med 1 kl.

4.Voss vgs Reduserer med en klasse VG1 Teknologi- og industrifag i tråd med innspell fra skolen

5.Odda vgs Oppretter en ekstra klasse VG1 Teknologi- og industrifag

6.Årdal vgs. Vg 2 Industriteknologi opprettholdes med 0,5 kl.

7.Årdal vgs. Vg 2 Kjemiprosess og laboratoriefaget reduseres med 0,5 kl.

Opplæring og kompetanseutvalget viser til sak 20/21 hvor rådmannen legger til grunn at avdelingen for skole vil ha innsparinger i 2021 som følge av korona-situasjonen. Det legges til grunn at økning på 3,5 klasser vil dekkes innenfor eget budsjett. Løyvinga vil ha konsekvens for 2022. Inndekning av dette vil bli handsama i budsjett 2022.»

**Jeanette Syversen, R**, sette fram slikt forslag:

«1. Justering av opplæringstilbodet

Fylkesrådmannens innstilling legges til grunn med følgende endringer:

Odda

Det vert oppretta ein klasse med inntil 30 elevar for studiespesialisering Vg1 ved Odda vidaregåande skule.

Det vert oppretta tre klassar for TIP ved Odda vidaregåande skule.

Os vidaregåande:

Opprettholde tilbudet om to klasser vg3 påbygg på Os vidaregåande skule for skoleåret 21/22.

Stord:

ME blir oppretta som halv klasse.

Sogn:

Det blir oppretta VG1 RM, slik skulen ber om.

Utvalet OPKO viser til sak 20/21 hvor rådmannen legger til grunn at avdelingen for skole vil ha innsparinger i 2021 som følge av korona-situasjonen. Det legges til grunn at økning på klasser vil dekkas innanfor eget budsjett. Løyvinga vil ha konsekvens for 2022. Inndekning av dette vil bli handsama i budsjett 2022.»

**Rosalind Fosse, FrP**, sette fram slikt tilleggssforslag på vegne av FrP, H og R:

«Arna / Årstad:

Justeres med følgende endringer fra rådmannens innstilling uten kostnad.

Arna vgs. Vg 2 Barne og ungdomsarbeiderfag opprettholdes med 1 kl.

Årstad vgs. Vg 2 Barne og ungdomsarbeiderfaget redusere med 1 kl»

**Rosalind Fosse, Frp**, sette fram slikt tilleggssforslag på vegne av FrP, H, R og FNB

«Askøy / Årstad:

Justeres med følgende endringer fra rådmannens innstilling uten kostnad.

Askøy vgs. Vg 1 Studiespesialisering justeres opp med 1 kl.

Årstad vgs. Vg 1 Studiespesialisering justeres ned med 1 kl.»

**Alexander Fosse Andersen, SP**, sette på vegne av SP, A, KrF, SV og MDG fram slikt tilleggssforslag:

«Nytt punkt 4, 5, 6, 7, 8 og 9

Nytt punkt 4

Tilboda som ikkje vert sett i gang på grunnlag av låge søkjartal er ikkje nedlagt. Desse tilboda skal vurderast på nytt i sak om opplæringstilbodet hausten 2021.

Nytt punkt 5

Hovudutval for opplæring og kompetanse ynskjer å auke tal klassar noko i høve til innstillinga. På grunn av pandemien vil hovudutvalet gjera ein ekstra innsats overfor elevar og lærlingar i ei krevjande tid. Dette kan utfordra dei økonomiske rammene for fylkeskommunen, og hovudutvalet ber fylkesrådmannen søkja etter innsparingspotensiale innan administrasjon av skulane og løysingar innan sektoren elles, til dømes fondsavsetjingar. Finansieringa må også sjåast i samheng med vedtak i PS 20/2021.

Nytt punkt 6

Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til yrkesopplæringsnemnda sitt vedtak i saka. Utvalet meiner som nemnda at ein må finne fleksible løysingar og organiseringsformer som bidreg til berekraftige tilbod innan yrkesfaga i heile fylket. Ulike

modellar og kombinasjonsløysingar må vurderast i tett dialog med yrkesopplæringsnemnda.

#### Nytt punkt 7

Hovudutval for opplæring og kompetanse registrerer at det er låge søkjartal til restaurant- og matfag samstundes som bransjen melder om stor trong for lærlingar. Utvalet vil peike på at nedgangen i søkjartal kan ha samanheng med koronapandemien som har råka restaurantbransjen hardt. Hovudutvalet vil difor at ein held fram rekrutteringsprosjektet for restaurant- og matfag i nært samarbeid med næringsliv og bransjeorganisasjonane med sikte på å auke søkjartalet framover. Det er difor viktig at utstyr ved skulane ikkje vert avhenda. I det vidare arbeidet bør administrasjonen sjå på moglegheitene for å kombinere ordinært tilbod innan restaurant- og matfag med vidaregåande opplæring for vaksne der det har vore vanskeleg å sikre eit stabilt RM-tilbod over tid.

#### Nytt punkt 8

Hovudutval for opplæring og kompetanse registrerer engasjementet for restaurant- og matfaglinja i Sogndal. Hovudutvalet meiner det er vil vere positivt med eit samarbeid lokalt for å betre rekrutteringa til denne linja. Samarbeidet må vere lokalt forankra og fylkeskommunen vil vere ein aktiv medspelar.

#### Nytt punkt 9

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til innspel frå Årdal vgs om samarbeid mellom Årdal vgs og Sogndal vgs når det gjeld organisering av opplæringa innan VG2 Industriteknologi frå og med skuleåret 2022/23, der ein kombinerer digital undervisning i fellesfag, opplæring i programfag ved Årdal vgs. og utplassering i bedrift. Næringslivet i Indre Sogn har stort behov for faglært arbeidskraft, og hovudutvalet meiner eit slikt samarbeid kan bidra til å møte dette behovet.»

**Alexander Fosse Andersen, SP**, sette på vegner av SP, A, KrF, SV og MDG fram slikt tilleggforslag:

#### «Nytt punkt 10

Hovudutval for opplæring og kompetanse går inn for å auke opp med ein klasse VG1 Studiespesialisering ved Sogndal vgs. Dette er for å sikra eit tilstrekkeleg bredde innan programfaga.»

**Alexander Fosse Andersen, SP**, sette på vegner av SP, A, KrF, SV og MDG fram slikt tilleggforslag:

#### «Nytt punkt 11 og 12

##### Nytt punkt 11

Hovudutval for opplæring og kompetanse aukar tilbod innan VG1 Teknologi- og industrifag ved Odda vgs i tråd med lokale ynskje. Hovudutvalet ser samstundes at auken kan gje negative konsekvensar for tilbod innan Bygg- og anleggsteknikk.

##### Nytt punkt 12

Hovedutval for opplæring og kompetanse registrerer innspel om ynskjer om endringar i nærskuleområda. Hovedutvalet vil evaluere nærskulematrisa i lys av årets opptak i løpet av hausten 2021.»

**Jeanette Syversen, R**, sette fram slikt tilleggforslag:

#### «Nytt punkt Distriktsutjamning: (a)

Utval for opplæring og kompetanse innstiller fylkesadministrasjonen om å prioritere eit styrka opplæringstilbod i skulene i distrikta og i utkantstrøka av stor-Bergen.»

**Jeanette Syversen, R**, sette fram slikt tilleggforslag:

«Nytt punkt Styrke tilbodet: (b)

Utvalet for opplæring og kompetanse vil skjerme opplæringssektoren for stadige kutt, og heller investere meir for å styrke dei desentraliserte nærskulene. Utvalet innstiller administrasjonen om å gå i samarbeid med dei enkelte skulene, og på tvers av eigne sektorar, for å sikre seg store nok økonomiske rammer til at det ved neste utlysning av opplæringstilbodet, blir sett i gang tilbod der ein veit at næringslivet har behov for faglært arbeidskraft, til dømes Vg1 naturbruk ved Austrheim. Det må også takast omsyn til at skuler og elevar skal ha eit velfungerande kollektivsystem, og motverke negative konsekvensar slik ein ser ved Stad skule.»

### **Avrøysting**

Fosse Andersen sitt alternative forslag fekk 11 røyster og vart vedteke mot røystene til H og FrP.

Rosalind Fosse sitt alternative forslag fekk 6 røyster (FrP, H, FNB og R) og fall.

Syversen sitt alternative forslag fekk ei røyst ( R ) og fall.

Rosalind Fosse sitt tilleggforslag, Arna/Årstad, fekk 6 røyster (FrP, H, FNB og R) og fall.

Rosalind Fosse sitt tilleggforslag, Askøy/Årstad, fekk 6 røyster (FrP, H, FNB og R ) og fall.

Fosse Andersen sitt tilleggforslag, nytt pkt. 4, 5, 6, 7, 8 og 9 fekk 14 røyster og vart vedteke mot ei røyst (1 H, Halleraker).

Fosse Andersen sitt tilleggforslag, nytt pkt. 10, fekk 14 røyster og vart vedteke mot to røyster ( FrP og 1 H, Kongsvik).

Fosse Andersen sitt tilleggforslag, nytt pkt. 11 og 12, vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt tilleggforslag, (a), fekk 2 røyster (R og FrP) og fall.

Syversen sitt tilleggforslag, (b), fekk 2 røyster (R og FrP) og fall.

Innstillinga pkt. 2 og pkt. 3, med dei nye endringane som er gjort i forhold til innstillinga, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22, vedteke i sak PS 60/20, vert justert slik:

				Klassetal			
Skule	Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Red	Auke	Frå	Til
Austevoll vidaregåande skule	Naturbruk	1	Naturbruk		1	3	4
Austevoll vidaregåande skule	Naturbruk	2	Akvakultur		1	1	2
Austevoll vidaregåande skule	Teknologi- og industrifag	2	Maritime fag		1	2	3
Fitjar vidaregåande skule	Helse- og oppvekstfag	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1		2	1
Stord vidaregåande skule	Medier og kommunikasjon	1	Medier og kommunikasjon	1		1	0
Stord vidaregåande skule	Teknologi- og industrifag	2	Industriteknologi		0,5	0,5	1
Stord vidaregåande skule	Teknologi- og industrifag	2	Køyretøy		0,5	0,5	1
Kvam vidaregåande skule	Helse- og oppvekstfag	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	0,5		0,5	0
Kvam vidaregåande skule	Helse- og oppvekstfag	2	Helsearbeiderfag		0,5	0,5	1
Kvam vidaregåande skule	Studiespesialisering	3	Studiespesialisering		1	1	2
Voss gymnas	Helse- og oppvekstfag	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1		2	1
Voss gymnas	Helse- og oppvekstfag	2	Helsearbeiderfag		1	1	2
Odda vgs	Teknologi- og industrifag	1	Teknologi- og industrifag		1,0	2	3
Odda vgs	Studiespesialisering	1	Studiespesialisering		0,5	0,5	1
Amalie Skram videregående skole	IT og medieproduksjon	1	Informasjonsteknologi og medieproduksjon		1	2	3
Amalie Skram videregående skole	Salg, service og reiseliv	2	Sikkerhet og administrasjon	1		2	1
Amalie Skram videregående skole	Salg, service og reiseliv	2	Salg og reiseliv		1	2	3
Arna vidaregåande skule	Bygg- og anleggsteknikk	2	Tømrer	1		2	1
Arna vidaregåande skule	Helse- og oppvekstfag	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	0,5		1	0,5
Askøy vidaregåande skule	Studiespesialisering	1	Studiespesialisering	1		3	2
Bergen Katedralskole	Studiespesialisering	2	Studiespesialisering		1	6	7
Fyllingsdalen videregående skole	Studiespesialisering min.språk	1	Studiespesialisering C	1		1	0
Fyllingsdalen videregående skole	Musikk, dans og drama	3	Drama	0,5		1,5	1
Fyllingsdalen videregående skole	Påbygging	3	Påbygging til generell studiekompetanse		1	1	2
Laksevåg og Bergen Maritime videregående skole	Teknologi- og industrifag	2	Brønnteknikk		1	2	3
Laksevåg og Bergen Maritime videregående skole	Teknologi- og industrifag	2	Maritime fag		1	3	4
Sandsli videregående skole	Restaurant- og matfag	1	Restaurant- og matfag		1	4	5
Sandsli videregående skole	Restaurant- og matfag	2	Kokk og servitør		1	2	3
Sotra vidaregåande skule	Helse- og oppvekstfag	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1		2	1
Slåtthaug videregående skole	Elektro og datateknologi	2	Automatisering		1	1	2
Årstad videregående skole	Frisør, blomst, int, eksp. design	1	Frisør, blomst, int, eksp. design		1	3	4
Årstad videregående skole	Teknologi- og industrifag	1	Teknologi- og industrifag		1	4	5
Årstad videregående skole	Elektro og datateknologi	2	Data og elektronikk		1	1	2
Årstad videregående skole	Helse- og oppvekstfag	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag		1	3	4
Årstad videregående skole	Helse- og oppvekstfag	2	Hudpleie		1	1	2
Årstad videregående skole	Helse- og oppvekstfag	3	Hudpleie	1		2	1
Årstad videregående skole	Påbygging	3	Påbygging til generell studiekompetanse		1	1	2
Åsane vidaregåande skule	Bygg- og anleggsteknikk	1	Bygg- og anleggsteknikk		1	3	4
Åsane vidaregåande skule	Salg, service og reiseliv	2	Salg og reiseliv		1	1	2
Åsane vidaregåande skule	Påbygging	3	Påbygging til generell studiekompetanse		1	1	2
Knarvik vidaregåande skule	Bygg- og anleggsteknikk	2	Betong og mur	1		1	0

Sogndal vidaregåande skule	Restaurant- og matfag	1	Restaurant- og matfag	1		1	0
Sogndal vidaregåande skule	Salg, service og reiseliv	1	Salg, service og reiseliv	1		2	1
Sogndal vidaregåande skule	Medier og kommunikasjon	3	Medier og kommunikasjon Vg3	1		1	0,5
Årdal vidaregåande skule	Teknologi- og industrifag	2	Industriteknologi	0,5		1	0,5
Årdal vidaregåande skule	Teknologi- og industrifag	2	Kjemiprosess og laboratoriefag	0,5		1	0,5
Flora vidaregåande skule	Elektro og datateknologi	2	Elenergi og ekom	1		2	1
Mo og Øyrane vidaregåande skule	Bygg- og anleggsteknikk	2	Tømrer		1	2	3
Eid vidaregåande skule	Frisør, blomst, int, eksp. design	2	Interiør og eksponeringsdesign	0,5		1	0,5
Eid vidaregåande skule	Frisør, blomst, int, eksp. design	2	Frisør	0,5		1	0,5
Måløy vidaregåande skule	Restaurant- og matfag	2	Kokk- og servitørfag	1		1	0
Stryn vidaregåande skule	Bygg og anleggsteknikk	1	Bygg og anleggsteknikk		1	1	2
Stryn vidaregåande skule	Helse- og oppvekstfag	2	Helsearbeiderfag	1		2	1
Stryn vidaregåande skule	Salg, service og reiseliv	2	Salg og reiseliv	1		1	0

2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere ressursar tilsvarende ein klasse i perioden 1.mai til skulestart. Ressursane skal nyttast til å opprette ein ekstra klasse eller til nødvendig utstyr og anna tilrettelegging for å auke plasstalet i klassar der det er mogeleg.

3. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere inntektene frå gjesteelevane frå Møre og Romsdal i nærskuleområde 8 -Nordfjord. Vestland fylkeskommune får inntekt per elev som får skuleplass, og desse ressursane kan nyttast til nødvendig utstyr og anna tilrettelegging for å auke plasstalet i klassar der det er mogeleg.

4. Tilboda som ikkje vert sett i gang på grunnlag av låge søkjartal er ikkje nedlagt. Desse tilboda skal vurderast på nytt i sak om opplæringstilbodet hausten 2021.

5. Hovudutval for opplæring og kompetanse ynskjer å auke tal klassar noko i høve til innstillinga. På grunn av pandemien vil hovudutvalet gjera ein ekstra innsats overfor elevar og lærlingar i ei krevjande tid. Dette kan utfordra dei økonomiske rammene for fylkeskommunen, og hovudutvalet ber fylkesrådmannen søkja etter innsparingspotensiale innan administrasjon av skulane og løysingar innan sektoren elles, til dømes fondsavsetjingar. Finansieringa må også sjåast i samanheng med vedtak i PS 20/2021.

6. Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til yrkesopplæringsnemnda sitt vedtak i saka. Utvalet meiner som nemnda at ein må finne fleksible løysingar og organiseringsformer som bidreg til berekraftige tilbod innan yrkesfaga i heile fylket. Ulike modellar og kombinasjonsløysingar må vurderast i tett dialog med yrkesopplæringsnemnda.

7. Hovudutval for opplæring og kompetanse registrerer at det er låge søkjartal til restaurant- og matfag samstundes som bransjen melder om stor trong for lærlingar. Utvalet vil peike på at nedgangen i søkjartal kan ha samanheng med koronapandemien som har råka restaurantbransjen hardt. Hovudutvalet vil difor at ein held fram rekrutteringsprosjektet for restaurant- og matfag i nært samarbeid med næringsliv og bransjeorganisasjonane med sikte på å auke søkjartalet framover. Det er difor viktig at utstyr ved skulane ikkje vert avhenda. I det vidare arbeidet bør administrasjonen sjå på moglegheitene for å kombinere ordinært tilbod innan restaurant- og matfag med vidaregåande opplæring for vaksne der det har vore vanskeleg å sikre eit stabilt RM-tilbod over tid.

8. Hovudutval for opplæring og kompetanse registrerer engasjementet for restaurant- og matfaglinja i Sogndal. Hovudutvalet meiner det er vil vere positivt med eit samarbeid lokalt for å betre rekrutteringa til denne linja. Samarbeidet må vere lokalt forankra og fylkeskommunen vil vere ein aktiv medspelar.

9. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til innspel frå Årdal vgs om samarbeid mellom Årdal vgs og Sogndal vgs når det gjeld organisering av opplæringa innan VG2 Industriteknologi frå og med skuleåret 2022/23, der ein kombinerer digital undervisning i fellesfag, opplæring i programfag ved Årdal vgs. og utplassering i bedrift. Næringslivet i Indre Sogn har stort behov for faglært arbeidskraft, og hovudutvalet meiner eit slikt samarbeid kan bidra til å møte dette behovet.

10. Hovudutval for opplæring og kompetanse går inn for å auke opp med ein klasse VG1 Studiespesialisering ved Sogndal vgs. Dette er for å sikra eit tilstrekkeleg breidde innan programfaga.

11. Hovudutval for opplæring og kompetanse aukar tilbod innan VG1 Teknologi- og industrifag ved Odda vgs i tråd med lokale ynskje. Hovudutvalet ser samstundes at auken kan gje negative konsekvensar for tilbod innan Bygg- og anleggsteknikk.

12. Hovedutval for opplæring og kompetanse registrerer innspel om ynskjer om endringar i nærskuleområda. Hovedutvalet vil evaluere nærskulematrisa i lys av årets opptak i løpet av hausten 2021.

